

Kommunen sin logo

Kommunen sin ref.:
Vedtak- og journalnummer:
Saksbehandlar:

Statsforvaltaren i Rogaland
Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga
Postboks 59 Sentrum
4001 STAVANGER

Ikkje offentleg,
offl § 13, fvl § 13

VEDTAK MED HEIMEL I HELSE- OG OMSORGSTENESTELOVA KAPITTEL 9

Kommunen sitt vedtak heimla i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 gjeld for:

Tenestemottakar sitt etternamn og fornamn

personnummer

Tenestemottakar si fullstendige postadresse (adressa som er registrert i folkeregisteret)

Vedtaket er første vedtak: _____

Vedtaket er ei vidareføring av tidlegare tvangstiltak: _____

1. ANSVARLEGE FOR VEDTAKET

§ 9-7 andre ledd

Stad og dato: _____

Signatur overordna fagleg ansvarleg for tenesta

Kommunen si postadresse:

2. DEI PRIVATE PARTANE

2.1 Verje sitt namn og fullstendige postadresse:

§ 9-3 tredje ledd. Verje må oppnevnt før vedtak kan fattast. Verje sitt mandat må spesifikt omfatte ivaretaking av personen sine interesser i saker etter kapittel 9. For personar under 18 år er verje den eller dei som har foreldreansvaret, såframt at desse ikkje sjølv er mindreårige. Sjå rundskriv IS-10/2015 4.3.4

--

2.2 Næraste pårørande sitt namn og fullstendige postadresse:

§ 9-3 fjerde ledd. Før opp næraste pårørande, jf. pasient- og brukerrettighetslova § 1-3 bokstav b. I utgangspunktet kan berre ein pårørande ha partsrettar, jf. IS-10/2015 4.3.2. Dersom pårørande ikkje ønskjer å nytta retten til innsyn og medverknad, kan dei reservere seg mot dette. Skriftleg dokumentasjon på dette må i så fall leggjast saman med vedtaket. Reservasjonsretten gjeld ikkje dersom pårørande er oppnemnd som verje.

3. RETTEN TIL MEDVERKNAD OG INFORMASJON

3.1 Opplys om korleis verje er blitt informert og høyrd i vedtaksprosessen, og om vedkommande har innspel i saka:

§ 9-3 andre ledd. Verje skal trekkjast inn i vedtaksprosessen frå starten av, jf. IS-10/2015 4.3.3. Beskriv korleis verje har medverka.

--

3.2 Opplys korleis næraste pårørande er blitt informert og høyrd i vedtaksprosessen, og om dei har innspel i saka:

§ 9-3 andre ledd. Næraste pårørande skal trekkjast inn i vedtaksprosessen frå starten av, jf. IS-10/2015 4.3.3. Beskriv korleis pårørande har medverka.

--

3.3 Opplys korleis tenestemottakar er blitt informert og høyrd i vedtaksprosessen, og om vedkommande har innspel i saka:

§ 9-3 andre ledd. Beskriv korleis tenestemottakar er blitt informert og høyrd i vedtaksprosessen. Dersom det skal setjast i verk tiltak etter § 9-5 tredje ledd bokstav c for å dekke grunnleggjande behov skal tenestemottakar sin avgjerdskompetanse (samtykkjekompetanse) vurderast i høve til dei aktuelle tiltaka, jf. IS-10/2015 2.2.3.

--

3.4 Kommunen stadfester at dei private partar er orientert om retten til å uttale seg i saka, at Statsforvaltaren er tilsynsmyndighet i saka, og om retten dei har til å klage på Statsforvaltaren si overprøving §9-3 andre ledd, § 9-7 tredje ledd bokstav i og § 9-11 andre ledd.

Ja Nei

--	--

Dersom ikkje, beskriv kvifor

--

4. OPPLYSNINGAR OM TENESTEMOTTAKAR

4.1 Diagnosen psykisk utviklingshemming

§ 9-2

	Vedlegg nummer	Diagnose stadfesta før

4.2 Andre relevante diagnostiske tilhøve

Vedlegg nummer

4.3 Vedtak om kommunale helse- og omsorgstenester

§ 9-2 første ledd. Legg ved gjeldende vedtak

Dato for vedtak

Vedlegg nummer

4.4 Beskriv kort korleis tenestemottakar sin livssituasjon er i dag

§ 9-7 tredje ledd bokstav b.

Gi ei kort skildring av historikk, butilhøve, personaldekning, dagtilbod, fritidstilbod, nettverk, funksjonsnivå, helsetilstand/medisinske tilhøve (eks siste lege- og tannlegesjekk), kommunikasjonsferdigheiter, sosial fungering, sjølvhjelpsferdigheiter/ ADL-funksjonar, høve til medverknad og sjølvråderett, interesser, spesielle utfordringar/utfordrande åtferd, eventuell fagleg tilnærming i møte med tenestemottakar, og eventuelt andre relevante opplysningar.

--

5. VESENTLEG SKADE OG BEHOV FOR TILTAK

§ 9-1 første ledd og § 9-5. Sjå også IS-10/2015 4.5.3 og 4.7.4.2

5.1 Beskriv kva for åtferd som gjer at det er nødvendig med bruk av tvang og/eller kva for grunnleggjande behov som skal ivaretakast. Beskriv kor ofte slik åtferd skjer, kor omfattande åtferda er og eventuelle årsaker.

--

5.2 Beskriv den vesentlege skaden som kan oppstå

--

6. TILTAK FOR Å FØREBYGGJE BEHOV FOR BRUK AV TVANG

6.1 Konkretiser kva for *førebyggjande tiltak* som er satt i verk eller vurdert for å unngå situasjonar som kan føre til behov for tvangsbruk

§ 9-4. Individuell tilrettelegging av tenesta, herunder bu- og nabolikhøve, positive og motiverande aktivitetar, sosialt nettverk m.m. Personalmessige tilhøve, herunder talet på tenesteytarar, turnusendringar, auka kompetanse, med vidare.

--

6.2. Opplys om kva for *andre løysingar* som er sett i verk, prøvd ut eller vurdert for å handtere utfordrande situasjonar *utan* å nytte tvang

§ 9-5 første ledd. Miljøtilrettelegging, opplæring- og treningstiltak, justerte rutinar for samhandling, justerte kravsituasjonar, tiltak for betre kommunikasjon, medisinsk utreining og behandling, kvalitet i samhandlinga, dagsplanjusteringar, tilrettelegging for medverknad og sjølvråderett, med vidare. Skildringa må vurderast i samanheng med førebygging under punkt 6.1

--

7. OPPLYSNINGAR OM TYPE TVANGSTILTAK

7.1 Heimelsgrunnlag for tvangstiltaka

§ 9-5 tredje ledd.

Type tiltak	Eitt kryss for kvart tiltak	
Bokstav b: planlagde skadeavverjande tiltak i for situasjonar som gjentek seg og kor tenestemottakar er til fare for seg sjølv eller andre	B	C
Bokstav c: tiltak for dekkja grunnleggjande behov		
Mekaniske tvangsmiddel, jf § 9-6 første ledd:		
Fastspenning (bilbelte/selar)		
Grindseng/sengehest		
Spesialkleder/utstyr til vern (hjelm/skinnar)		
Anna mekanisk tvangsmiddel		
Inngripande varslingsystem, jf. § 9-2:		
Varslingssystem seng		
Varslingssystem i bustad, eksl. seng		
Varslingssystem utgang		
System som registrerer bilete/lyd		
GPS/lokaliseringssystem		
Anna inngripande varslingsystem		
Opplærings- og treningstiltak (c-tiltak):		
Andre tiltak (b- eller c-tiltak):		
Hindring av tilgang til vatn/eigendelar (Låst skap, bod o.l.)		
Fotfølging		
Låsing av dør/vindauge		

Andre b-tiltak:		
Ulike haldetiltak		
Nedlegging		
Skjerming		
Føring		
Løfting/bæring		
Løysing av grep/bitt		
Andre c-tiltak:		
Avgrensing av tilgang til mat/drikke (c-tiltak)		
Omsorgstiltak gjennomført med tvang: (tannpuss, egenhygiene, negle-hårklipp, påkledning, kvile, søvn, personleg tryggleik)		
Anna:		

7.2 Beskriv tvangstiltaket / tvangstiltaka som skal gjennomførast

§ 9-7, jf. § 9-5 tredje ledd bokstav b eller c.

Dersom det er fleire tiltak bør desse nummererast. Skil tydeleg mellom b- og c- tiltak. Beskriv konkret korleis tiltaket skal gjennomførast, kvar og når. Dersom det er aktuelt/mogleg å gjennomføre; beskriv tiltakshierarki/graderte tiltak der mildaste tiltak skal nyttast først. Ved tekniske innretningar, som eksempelvis pleksiglas/gitter i bil og grindseng, er det ønskeleg at det vert lagt ved bilde.

--

7.3 Krav til gjennomføring

§ 9-9 andre ledd. Grunnge eventuelt unntak frå kravet om to tenesteytarar til stades for kvart enkelt tiltak.

Unntak frå kravet kan berre skje av omsyn til tenestemottakar, ikkje ut frå ressursomsyn.

--

8. JOURNALFØRING AV TVANGSTILTAK

8.1 Beskriv måten tvangstiltak skal verta journalførte

§ 9-10, helsepersonellova kapittel 8 og forskrift om pasientjournal. All tvangsbruk skal journalførast, også rutinemessige tvangstiltak som f.eks. låste dører og alarmbruk. Følgjande punkt bør som minimum vere med: Skildring av tvangstiltaket, skildring av gjennomføring, skildring av situasjon, tid, stad og kor lenge tiltaket vart nytta, kven som deltok og kven som var ansvarleg for gjennomføringa, effekten av tiltaket, og eventuelt brukar sin reaksjon. Sjå IS-10/2015 pkt. 4.10.3 og 4.10.4.

--

9. EVALUERING

§ 9-9 fjerde ledd og IS-10/2015 pkt. 4.9.6

9.1 Beskriv kva for rutinar kommunen har for evaluering av bruk av tvang og korleis ein systematisk vurderer verknaden av det enkelte tvangstiltaket

For å kunne vurdere om tiltaka er fagleg og etisk forsvarlege, nødvendige og forholdsmessige må kommunen ha evalueringsrutinar som sikrar skriftleg og systematisk vurdering av kvart enkelt tvangstiltak. Beskriv når evaluering vert gjort, kven som deltek, kor ofte det skal evaluerast og korleis dette vert dokumentert.

9.2 Evaluering av kvart enkelt tvangstiltak

Evalueringa må oppsummera tvangsbruken og få fram omfang, tenestemottakar sin reaksjon og verknad av tvangstiltaka, herunder eventuelle utilsikta verknadar. Dette vil være nødvendig for å kunne ta stilling til om tiltaket eller tiltaka skal vidareførast, justerast eller avsluttast.

9.3 Beskriv tilhøve som skal føra til at tiltaket eller tiltaka skal avbrytast.

Tiltaket skal vurderast kontinuerleg og avbrytast straks dersom vilkåra for vedtaket ikkje lenger er til stades eller det viser seg å ikkje ha tilsikta verknad, eller få utilsikta verknad. Gje eit oversyn over kva som skal til for at kvart enkelt tvangstiltak skal avbrytast.

10. FAGLEG OG ETISK FORSVARLEGE TENESTAR

§ 9-5 andre ledd.

10.1 Vurder korleis tvangstiltaket / tvangstiltaka oppfyller kravet om å vera fagleg og etisk forsvarleg

Beskriv for kvart enkelt tiltak kva for faglege metodar og verkemidlar som er vald. Metodane som ligg til grunn for tiltaket må vera i tråd med tilgjengeleg oppdatert og anerkjent fagkunnskap. Vurder ut frå dette om kvar enkelt tiltak er fagleg forsvarleg. Beskriv for kvart enkelt tiltak at tiltaka ikkje strid mot etiske grunnprinsipp, og vurder særleg kor mykje tiltaket grip inn i tenestemottakar sitt liv. Vurder ut frå dette om kvart enkelt tiltak er etisk forsvarleg. Sjå IS-10/2015 4.5.5

10.2 Vurder korleis tvangstiltaket/tvangstiltaka oppfyller kravet om å vera nødvendige og forholdsmessige

Tiltaka må ikkje gå lenger enn det som er nødvendig, og må stå i høve til det formålet som skal verta ivaretatt. Dei positive verknadane av tiltaket/tiltaka må vera klart større enn dei negative. Sjå IS-10/2015 4.5.4

11. MEDVERKNAD FRÅ SPESIALISTHELSETENESTA

§ 9-7 andre ledd og § 9-9 første ledd

11.1 Gjer greie for korleis spesialisthelsetenesta har medverka i saka

11.2

Namn:	Telefonnummer:	Tenestestad og adresse:

11.3 Tvangstiltaka er i samsvar med råd frå spesialisthelsetjenesta

Ja Nei

--	--

Dersom ikkje, beskriv kvifor:

--

12. OPPLYSNINGAR OM TENESTEYTARANE

§ 9-9 andre og tredje ledd.

12.1 Oversikt over tenesteytarane som skal gjennomføre tvangstiltaket / tvangstiltaka

Før opp alle tenesteytarane som skal gjennomføre tvangstiltaket/tvangstiltaka, også dei som det vert søkt om dispensasjon for.

Namn:	Utdanning:	Stilling:	Stillings- storleik	Tenestetid i bustad eller liknande arbeid

13. OPPLÆRING OG RETTLEIING AV TENESTEYTARANE

§ 9-4, 9-9 andre ledd og IS-10/2015 pkt. 4.4.3 og 4.9.5

13.1 Beskriv generell, grunnleggjande opplæring som vert gitt:

Beskriv den generelle opplæringa tenesteytarane får i form av kurs og intern opplæring.

--

13.2 Beskriv opplæring og rettleiing som vert gitt knytt til tenestemottakar og gjennomføring av tvangstiltak:

Beskriv korleis opplæring, fagleg rettleiing og oppfølging under gjennomføring av tvangstiltaket/tiltaka skal gjerast. Legg ved opplæringsplan/sjekkliste for den aktuelle tenestemottakar og plan for opplæring og fagleg rettleiing av dei som skal utføre tenestene og tvangstiltaka.

--

14. ANSVAR OG SAKSHANDSAMING

14.1 Kommunens ansvarsforhold

§ 9-7 andre ledd, § 9-7 tredje ledd bokstav g og IS-10/2015 4.7.2

Kommunen må ha klare ansvarslinjer for kven som har hovudansvar for vedtak og avgjersler etter kapittel 9. Det skal vera utpekt ein overordna fagleg ansvarleg for tenesta, som har ansvar for at det vert fatta vedtak etter § 9-5 tredje ledd bokstav b og c, og ein fagleg ansvarleg for gjennomføringa av tvangstiltak. Dersom tiltaka skal gjennomførast på fleire arenaer, må det utpeikast ein fagleg ansvarleg på kvar stad. Det skal alltid vera ein person som har det daglege ansvaret for tenesta. Sjå IS-10/2015 punkt 4.7.2.

	Namn:	Stillingstittel/ tenestestad:	E-postadresse og telefonnummer:
Overordna fagleg ansvarleg			
Dagleg ansvarleg for tenesta			
Fagleg ansvarleg for gjennomføring			
Sakshandsamar			

14.2 Det vert stadfesta at kopi av kommunen sitt vedtak med vedlegg er sendt til:

§ 9-7 fjerde ledd

	Verje
	Pårørande
	Spesialisthelsetenesta
	Tenestemottakar

Sett X

14.3 Oversikt over vedlegg i saken

Vedl.nr	Dato	Frå instans	Innhald

15. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ UTDANNINGSKRAVET

§ 9-9 tredje ledd og IS-10/2015 punkt 4.9.5

15.1 Forklar behovet for å søkje om dispensasjon og beskriv kva som gjer situasjonen til eit særleg tilfelle

Gje ei generell grunngjeving om kvifor det er behov for dispensasjon. For eksempel ynskje om å bruke bestemte personar i gjennomføringa av tvangstiltaket, utfordringar med rekruttering, eller anna. Den totale kompetansen i verksemda vil ha vekt i vurderinga

--

15.2 Opplys om kven av tenesteytarane som treng dispensasjon frå utdanningskravet og gje ei konkret grunngjeving for kvar enkelt

Eksempel på tilhøve som kan vurderast med tanke på dispensasjon er tenesteytar sin kjennskap til tenestemottakar, trygg og stabil samhandling, stillingsstorleik eller faktisk gjennomsnittleg arbeidstid, tenestetid i bustad/liknande arbeid, erfaring frå gjennomføring av tiltaka, opplæring i kapittel 9, opplæring knytta til tenestemottakar og gjennomføring av tiltaka, rutinar for opplæring og rettleiing mm. Beskriv kva for opplæring og kurs kvar enkelt tenesteytar har gjennomgått, m.m.

Namn:	Disp. b-tiltak	Disp. c-tiltak	Grunngjeving:

15.4 Beskriv kva for tiltak som er sett i verk eller som skal setjast i verk for å innfri kravet om formalkompetanse. Legg ved verksemda sin konkrete plan for rekruttering

--